



# ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



Retningslinjer for Åmli ungdomsråd  
Vedtatt i kommunestyret 19.06.2025, sak 25/38

# INNHALD:

|   |                      |   |
|---|----------------------|---|
| 1 | Namn .....           | 3 |
| 2 | Formål .....         | 3 |
| 3 | Representantar ..... | 3 |
| 4 | Nominasjon .....     | 3 |
| 5 | Val .....            | 3 |
| 6 | Konstituering .....  | 3 |
| 7 | Møter .....          | 4 |
| 8 | Saker .....          | 4 |
| 9 | Ungdomsarbeid .....  | 4 |



## 1 Namn

Åmli ungdomsråd

## 2 Formål

- Gi ungdom høve til:
  - Å kome med innspel i saker som vedkjem dei.
  - Å delta i vedtaksprosessar.
- Vere kommunens nærmaste samarbeidsorgan i saker som vedkjem ungdom.

## 3 Representantar

- Det skal veljast sju representantar med tre vara frå ungdomsskulen og vidaregåande skule (aldersgruppa 16-18 år).
- Det er ønskeleg at ungdomsrådet skal ha representantar både frå ungdomsskulen og vidaregåande skule.
- Representantane må vere folkeregistrerte i Åmli kommune.

## 4 Nominasjon

- Åmli ungdomsråd er, saman med sekretæren for ungdomsrådet, ansvarleg for å få kandidatar til vallista, og for å gjennomføre valet.
- Ungdomsrådet må jobbe aktivt for å få ei jamn fordeling av kvart kjønn.

## 5 Val

- Representantane blir valde for to år, valperioden følgjer skuleåret. Nytt val gjennomførast i mai/juni. Fyrste møte for nytt ungdomsråd er i august/september.
- Røysteføre og valbare for ungdomstrinnet er elevar i 8, 9 og 10.klasse og vidaregåande skule.
- Val av nytt ungdomsråd vil foregå på rådhuset.

## 6 Konstituering

- Rådet vel sjølv leiar og nestleiar. Leiaren har dobbeltstemme ved stemmelikskap.
- Kommunedirektøren stiller sekretær for ungdomsrådet.
- Sekretæren for ungdomsrådet har ansvar for at kvart nytt ungdomsråd får opplæring.

## 7 Møter

- Ungdomsrådet sine møter er opne og skal kunngjerast.
- Min. 50% av medlemene skal vere til stades for å vere vedtaksføre.
- Kommunen sitt reglement for godtgjersler til kommunale folkevalde gjeld òg for Åmli ungdomsråd.
- Administrasjonen kallar inn til møte i ungdomsrådet i tråd med vedteken møteplan.
- Ordføraren og kommunedirektøren har høve til å delta med talerett på møta.
- Eit medlem frå kommunestyret deltek på møta i ungdomsrådet. Deltakinga på møta rullerer på kommunestyret sine medlemar.

## 8 Saker

- Ungdomsrådet tek opp til behandling saker der barn og unge sine interesser er berørt.
- Ungdomsrådet kan sjølv fremje saker for rette instans.
- Ungdomsrådet er først og fremst ein høyringsinstans. Uttale frå Ungdomsrådet skal tilleggast vekt i saker som vedkjem barn og unge.
- Saksgang: Sekretæren for ungdomsrådet får orientering om aktuelle saker, og har saman med leiaren for ungdomsrådet ansvaret for å vurdere kva for saker ungdomsrådet skal handsame.
- Leiaren for ungdomsrådet, eller ein annan medlem, kan møte med uttalerett i dei utvala som tek opp saker som ungdomsrådet har hatt til handsaming.
- Leiaren, eller eit anna medlem, har møte- og uttalerett i kommunestyret i alle saker som kan vere av interesse for ungdomsrådet.

**Døme på type saker som kan vere av interesse for ungdomsrådet:**

| Saker                                            | Ansvarleg                                |
|--------------------------------------------------|------------------------------------------|
| Kommuneplan og andre relevante planar            | Alle avdelingar                          |
| Kommunens årsbudsjett og rekneskap               | Organisasjon og økonomi                  |
| Kommunale byggsaker som vedkjem barn og unge     | Samfunn                                  |
| Trafikktryggleik, gang- og sykkelveggar          | Oppvekst                                 |
| Skulesaker                                       | Oppvekst                                 |
| Fritidsaktivitetar/frivillig organisasjonsarbeid | Samfunn                                  |
| Tilskot til lag og organisasjonar                | Samfunn                                  |
| Innspel og prioritering av spelemiddelsøknader   | Samfunn                                  |
| Miljø- og helseførebyggjande tiltak              | Helse og omsorg, Habilitering og ressurs |

## 9 Ungdomsarbeid

- Kulturrådgevar eller den som har ansvar for slike tiltak møter i ungdomsrådet ved behov. Dette kjem utanom det politiske sakskartet.
- Ungdomsrådet kan også på eige initiativ innkalle kulturrådgevar eller den som har ansvar for slike tiltak.